

Mal for tilstandsrapport 2015/16 vil følgje prioriteringane i Styringsdokument 2013-2015. Det vil bli utarbeidd ein ny mal neste skuleår.

Namn på skulen: Norheimsund vg. skule

Tal elevar skuleåret 2015/16: 110

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Andel fullført og bestått
Andel stryk og IV
Gjennomsnittleg fråvær
Andel sluttarar

1.1 Andel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag (PULS)

2014/15	84,3%
2015/16	91,8%

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen (PULS)

		Andel stryk	Andel IV
Termin 1	2014/15	8	4
	2015/16	11	1
Standpunkt	2014/15	7	5
	2015/16	4	2
Eksamen	2014/15	4	0
	2015/16	1	0

1.3 Gjennomsnittleg fråvær (PULS)

2014/15	timar	11,86
	dagar	6,96
2015/16	timar	7,71
	dagar	7,76

1.4 Andel sluttarar Avbrottsdato frå 1/10 (PULS)

2014/15	2 (1,5%)
2015/16	4 (3,6%)

1.5 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2016/17

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

Skulen jobbar målretta for at alle elevar skal møte kvar dag, at dei skal delta aktivt i opplæringa og oppleve meistring i faga. Me har gode rutinar for kartlegging og er årvakne på elevar med teikn på utfordringar som hemmar læring eller som har vanskar med å visa kompetansen sin. I møte med desse har me ei heilskapleg tilnærming, der kontaktlæraren koordinerer samarbeidet med og rundt eleven. R-team vert kopla inn i komplekse saker og leiinga ved skulen har elevsaker som tema på vekentlege møter.

I stor grad opplever me å lukkast i å koma tett på elevane våre. Me byggjer relasjonar og finn individuelle tilpassingar for at alle skal føla seg trygge, at dei kan veksa og læra mest mogeleg. Det er eit uttalt mål at alle elevar som startar hos oss om hausten, skal læra så mykje at dei fullfører og består skuleåret. For å nå dette jobbar me frå starten av med at elevane skal få ein relasjon til kvart fag og forstå både grunntanken i faget og sjå det inn i heilskapen til fagarbeidaren. Yrkesretting av fellesfaga, med fokus på relevans for yrkeskvardagen til elevane ser ut til å ha ein positiv effekt på motivasjon. Dette året har me tre elevar som har fått 1 eller IV i standpunkt. Dei fleste som me har jobba i tett dialog og samarbeid med heile året har lukkast nok i læringsarbeidet sitt til at dei fullfører og består i alle fag, men diverre ikkje alle.

Skulen har eit tett samarbeid mellom kontaktlærar/ faglærar og elevinspektør ved fråvær. Dette arbeidet er forankra i handlingsplan ved fråvær. Elevinspektør er ein del av leiinga, noko som fremjar god kvalitet i oppfølgingsarbeidet av elevar med fråvær. Godt oppmøte er vesentleg for å få jobba godt saman med elevane i læringsarbeidet deira. 12 elevar har meir enn 20 timar fråvær, 11 har meir enn 20 dagar. 9 og 6 elevar har mellom 15 og 20 timar/ dagar. Desse jobbar me kontinuerleg og etter plan med, men her ser skulen at me må gjera nye grep og leita etter endå meir treffsikre tiltak.

Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Me har bygd systema våre opp kring rettleiinga «blikk for alle, fokus på den enkelte». For å førebyggja fråfall i overgangen mellom grunnskule og vg. opplæring jobbar me saman med kommunen. Alle rektorane og rådgjevarane har eige fora, med møter saman med næringslivet i kommunen. Alle 10.klassingar er innom og gjer seg kjende med skulen og opplæringa me tilbyr her 1 dag og er invitert inn ein dag til. Me har hatt enkelte grupper med elevar frå 9.trinn på omvising og praktisk arbeid. Me har overføringsmøter saman med ungdomsskulane, der dei presenterer behov og kva tilrettelegging enkeltelevar har hatt nytte av. Skulen har elev, med føresette til elevar under 18 år, til samtale før skulestart. Kontaktlærar har tidleg elevsamtale med alle og relasjonsbygging har sterkt fokus i oppstart. Me nyttar eit konsept utvikla av Bente Vetland, treffande kalla systematisk elevoppfølging. All informasjon om elevane nyttar me til å organisera opplæringa og følgja opp elevane. Dei med risikofaktorar har me spesielt årvakne på. Me er ein liten skule, der elevane på VG1 veit kven lærarane dei møter på VG2 er, det trur me gjer det enklare for enkelte elevar å få ein god start på VG2. Arbeidet vårt retta mot fullført med bestått resultat for alle skal førebyggja fråfall både mellom VG1 og VG2 og vidare i utdanningsløpet. Dei fleste av våre elevar får seg læreplass. Det skulen gjer for å støtta opp under dette er m.a måten me jobbar i PTF-faget og samarbeidet me har me næringslivet. Begge skuleår er alle våre elevar ute i bedrifter. Me prøver at alle får vera i praksis i det lærefaget dei ynskjer og helst òg i bedrifta dei ynskjer. Fyrsteåret er hovudmålet at kjennskap til fagarbeidaren sin kvardag skal gje trygge val vidare til VG2, motivasjon og engasjement for faget. På VG2 er eit viktig mål at dei har 6 veker til å visa kva dei står for og ein gylden anledning til å be om læreplass. Me bur dei på tvers av fag som læreplass-søkjararar. Elevar som utover våren ikkje har fått læreplass fangar me opp via kontaktlærar og rådgjevar og dei får støtte, samtalar og praktisk hjelp i søkjeprosessen.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Sjølvom det er eit mål at alle skal fullføra og bestå vg. opplæring, ser me at det er utfordrande for mange elevar. Elevar med utfordringar med den psykiske helsa si treng mykje oppfølging og støtte for å nå måla sine i skulen. Me er truleg gode på dette, både tal og tilbakemeldingar frå elevar med føresette og fagpersonar innan psykisk helsearbeid fortel det. Hos oss skal dei møta vaksne for trur på at dei kan og skal klara dette.

Me snakkar med alle elevar om skulevalet deira, om motivasjon og kva som skal til for at dei skal læra mest og best mogeleg. Me lærer enkeltindivid å kjenna. Me prøver å fremja tryggleik, meistring og motivasjon for alle. Kontaktlærar er nærast, men alle faglærarar knytt til eleven forvaltar eit stort ansvar for å vera tett på. Me har støttesystem som me koplar på når me vert uroa over læringa til eleven. Ulike tiltak ut frå kor utfordringane ligg, alt frå studieverkstad ved fagvanskar, r-team ved komplekse utfordringar, sosialpedagogisk støtte ved motivasjon og oppmøtevanskar m.m. Dette året har me registrert 4 som har slutta i året. 2 av desse er ikkje reelle sluttar, då ei har gått frå eit VG2-løp til eit anna på skulen vår (kryssløp). Ho har fullført og bestått med gode resultat. Ein er flytta til ein annan skule, og har fullført der. 2 elevar har slutta og blir fylgt opp av andre. I forkant av at dei slutta prøvde skulen, i tett samarbeid med elev og føresette/ støtteapparat, å leggja godt til rette for at eleven kunne fullføra trass utfordringane dei stod i.

Me er ganske gode på tidleg avdekking av utfordringar og har gode erfaringar med at elevar er motiverte for å søkje profesjonell hjelp. Me trur at dersom helsevesenet hadde kapasitet til å ta i mot elevar som treng samtale, kartlegging og behandling på kort varsel, ville det betra sjansane for fullføring og bestått. Slik det er no tek det lang tid å få på plass rett hjelp. Vidare er det ei utfordring at eleven ofte må reisa langt slik at dei må vera vekke frå opplæringa og får tilleggsutfordringar med faglege hol. Dei to reelle sluttarane våre dette året er nok døme på ovanstående.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Me har over år jobba godt med å dyktiggjera oss på å leia læringsarbeidet i klassane på ein trygg og føreseieleg måte. Me har jobba fram eit system og årshjul for tenlege fokus på ulike tema innan den relasjonelle og mellommenneskelege delen av elevarbeidet vårt. Vidare skal me jobba med at alt dette «set seg» og at det vert varige arbeidsmåtar for alle. Møta med dei som på ulikt vis strevar med den psykiske helsa si prøver me alltid å betra, ved å vera trygge, modige og føreseielege vaksne.

For å nå måla våre og klara å jobba saman og tett på treng me tid til å vera tilgjengelege, rom for samarbeid og gode refleksjonar. Neste skuleår vil me føreta nokre omfattande strukturendringar. Desse skal støtta under det pedagogiske grunnsynet, elevsynet og det pedagogiske arbeidet vårt. Utviklingsarbeidet vårt vil i stor grad dreia seg om å henta ut dei læringsmessige gevinstane me trur omlegging av struktur vil gje oss. Kort sagt vil me parallelleggja flest mogeleg klassar i fellesfag på utdanningsnivået, samt dei to klassane på VG1 TIP i alle fag. Det vil på eine sida gje større grupper, med fleire faglærarar tilgjengeleg og lettare å finna gode og fleksible løysingar for å tilpassa opplæringa. Vidare vil det gjera gruppene mindre sårbare for t.d fråvær hos lærar. For TIP-faga vil de gje rom for å veksla mellom å ha deler av opplæringa med ein lærar på ei stor gruppe (td. i teori om eit tema) og kanskje tre lærarar med små grupper i praktisk opplæring på verkstad. På andre sida vil endringa frigjera meir arbeidsplanfesta tid der andre med same fag er tilgjengelege for samarbeid. I tråd med visjonen vår; saman skal me gjera kvarandre gode, trur me at dei gode løysingane og gode tiltaka finn me saman med elevane og kvarandre.

Vidare skal utviklingsarbeidet vidare vera i tråd med nytt styringsdokument, dette arbeidet er me så vidt starta på og vil fortsetja dette ut over hausten.

2.1 Vurdering for læring

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.1.1 Vurdering av «vurdering for læring»:

Korleis vurderer skulen eigen vurderingspraksis gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Elevane fortel at dei i stor grad blir forklart kva dei skal lære, kvifor og korleis. Vidare opplever dei at dei får jamleg og hyppig undervegsvurdering som fortel kva som er bra med arbeidet deira og kva som kan gjera arbeidet betre. Ca. 70% seier at dei minst 1-3 ggr. per måned får tilbakemeldingar frå lærarane som dei kan bruka til å bli betre i faga. Mange seier at dei får vurdere seg sjølve og å vera med å påverka kva som skal vektleggast. Dei fleste opplever at lærar hjelper dei å reflektera over korleis dei kan utvikla seg i faget.

Gode samtalar for å finna ut kva eleven kan og korleis han lærer er utviklande for eleven og hjelper lærar til å tilpassa opplæringa. Eit klart overtal av elevane våre syns det er mest nyttig med munnlege tilbake- og framovermeldingar. Det er dokumentert at elevane har minst 4 formelle vurderingspunkt per år, dei fleste som utviklingsamtale i fag i oktober, januar, mars og oppsummeringsamtale i juni. Me legg mest vekt på munnlege tilbakemeldingar og framovermeldingar i kvardagen. God relasjon, anerkjennande kommunikasjon og likeverdig samtale gir best refleksjon og nytte i læringsarbeidet for eleven. For å ivareta samarbeidet med føresette i «vurdering for læring» er læring, arbeidsvanar, innsats og metodar tema på samtale med føresette mot slutten av fyrste halvår for alle og før dersom det er naturleg å ha eit tettare samarbeid før dette.

Me har jobba me det me kallar «meistring for læring». Når elevane både forstår og kan bruka undervegsvurderingar frå lærarane vil dette gjera at dei meistrar læringsssituasjonen best mogeleg og lærer mest mogeleg. For at dette er på plass må dei forstå kva dei skal lære og kva me ventar av dei, tilbakemeldingane til dei er slik at dei ser og forstår korleis me vurderer kvaliteten på det dei produserer eller presterer, dei får råd om vegen vidare som dei forstår og dei klarer å vurdere eige arbeid og eiga faglege utvikling.

2.1.2 utfordringar innan «vurdering for læring»

Utfordringar:

Det er utfordrande å motivera elevane for eit djupt engasjement for eiga læring. Det er krevjande å ha fokus på å lære mest mogeleg til ei kvar tid. Mange ungdommar har naturleg fokus på å gjera, meir enn å lære. Dette er ei viktig oppgåve for alle lærarar å stimulera dei til nysgjerrighet og engasjement.

Me kjem i elevundersøkinga ut med gul+ på eigenvurdering. Det tyder at me når mange elevar i eigenvurderinga. For mange seier at dei ikkje får vera med å påverka kva det skal leggast vekt på i vurderingar i faget, dei får i liten grad delta i vurderingsarbeid og i for liten grad får hjelp av lærar til å tenkja gjennom korleis dei utviklar seg i faget. Tiltak for å få fleire elevar med og få fleire trygge i vurderingsarbeid vil me jobba med.

2.2 Bruk av IKT i læringsarbeidet

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.2.1 Vurdering av «bruk av IKT i læringsarbeidet»:

Korleis vurderer skulen «bruk av IKT i læringsarbeidet» gjennom relevante undersøkingar og eigen kjennskap til skulen:

Skulen har utstrakt bruka av IKT i opplæringa. Ved skulestart har me grunnopplæring for alle elevar, her inngår ITSL, kjeldevet, mappestrukturar og anna. Dette året peika alle klassar ut ein representant med interesse for IKT og motivasjon for hjelpefunksjon til å vera superbrukar i klassen. Deler av IKT-opplæringa vart gjennomført ved at våre tilsette hadde opplæring for heile klassar, endre deler ved at elevsuperbrukarane fekk opplæring og så tok dei det med tilbake til klassen sin. Då vart opplæring gjort av elevsuperbrukar med kontaktlærar som støtte.

Alle klassar nyttar programspesifikke IKT-verktøy. Vidare har me hatt ein klasse som har hatt eit eige IKT-prosjekt. Dei har prøvd ut eit program som kan stetta programfaga sitt behov for å planleggje, gjennomføra, vurdere og dokumentera ein arbeidsprosess.

Helsefagarbeiderklassen har nytta dette til å laga prosedyrebøker, med gode erfaringar. Ein viktig konklusjon på prosjektet er at dette programmet har vore svært gunstig for læringa av praktiske prosedyrar i faget, elevane tilpassar sitt arbeid til korleis dei lærar best og aukar den varige kompetansen sin. dei hugsar godt både utføringa, dei faglege vurderingane undervegs og grunngivingane. Dei har presentert prosjektet på «Dei gode døma» og mange lytta med stor interesse. Eigenvurdering som aukar læringsutbyttet er ei utfordring å få godt til. Vidare er dokumentasjon eit viktig punkt for alle fagarbeidarar. Begge desse punkta ser me at denne arbeidsmetoden fremjar godt.

2.2.2 Utfordringar innan «bruk av IKT i læringsarbeidet»

Utfordringar:

God bruk av digitale hjelpemiddel fremjar læring. Det er ei utfordring å hjelpa elevane til å ta gode og ansvarlege val som til ei kvar tid fremjar læring. Spesielt ser me at mange elevar strevar med å leggja heilt vekk mobiltelefon, den blinkar, vibrerer og stel fokus i timar. Tydelege forventningar om at den ikkje skal vera synleg i timane er ikkje nok til at elevane klarer å lata vera å bruka den i timane. Me vil fortsetja med utstrakt bruk av digitale hjelpemiddel, i form av ipad, mobil, applikasjonar i tillegg til ulike pc-baserte program. Me vil stramma inn tilgjengelegheten på mobiltelefonen der denne ikkje er planlagt å vera i bruk. Eit av tiltaka me har avtala er bruk av «mobilhotell», der elevane leverer inn mobilane i starten av undervisningsøkta. Dette er dei vane med frå grunnskulen og skular me har snakka med fortel om gode erfaringar med slik ordning.

2.3 Klasseleiing

Skulen si vurdering i lys av:

Resultat frå Elevundersøkinga, undervisningsevalueringa, eigen kjennskap til skulen og kjenneteikn på kvalitet i Styringsdokumentet 2013 -15.

2.3.1 Vurdering av «klasseleiing»:

Korleis vurderer skulen arbeidet med «klasseleiing» gjennom relevante undersøkingar

og eigen kjennskap til skulen:

Elevane våre fortel mykje positivt om klasseleiing. I elevundersøkinga seier dei fleste elevar at dei opplever at lærarane støttar godt, det er arbeidsro, dei får medverka i opplæringa og at dersom dei gjer feil vert det sett som ein god mogleik for læring. Me har jobba med å medvitsgjera alle tilsette på kor viktig det er å vera gode rollemodellar. Det gjeld gjennomgåande i alt me gjer, i opplæringa som fagarbeidar, i samspel og kommunikasjon, i kvardagshandlingar. Ein av dei andre uttalte mål me har fokusert på er at alle skal vera presise. Me har over år hatt fokus på felles regelhandtering, både forståing av reglane og lojalitet til korleis me handhevar dei. Elevundersøkinga fortel at me er nær grønt område her, men at ikkje alle elevar kjenner til kva reglar som gjeld og ikkje alle dei vaksne reagerer på same måten når reglar vert brotne.

Me har nytta Bente Vetland sitt «systematisk elevoppfølging» som reiskap for fag- og kontaktlærarar. Her ligg det ulike fokus, tips og skjema som skal vera til støtte og hjelp på ulike tidsperiodar i året.

2.3.2 Utfordringar innan «klasseleiing»**Utfordringar:**

Me skal gå saman med Øystese gymnas og må samkøyra oss. Frå elevståstad er rettferdig behandling og nokolunde like reaksjonar viktig. Det å fortsetja arbeidet mot trygge, gode leiarar av læringsarbeidet i klassane, som blir opplevde som både føreseielege og samkøyrde vil vera viktig for begge skular, både saman og kvar for oss.

God klasseleiing har positiv effekt på læringsutbyttet til alle elevar. Å implementera «systematisk elevoppfølging» som måte å strukturera arbeidet på vil vera viktig og noko me må ha fokus på i fleire år før det «set seg».

Fråværsgrenser og endring i konsekvensar ved fråvær vil gje nye utfordringar. Det er viktig at me følgjer opp bestemmelsane og får dei til å virka slik det er tenkt.

Eit tiltak me tenkjer er ekstra viktig å få til å fungera komande år er å få klassens time, både satsa på kvalitet og regelmessighet. Me vil organisera eiga opplæring på ny måte og i tillegg skal me starta ei omorganisering mellom to skular. Klassens time vil då bli viktig for å spela på lag med elevane, ha eit fora der læringsmiljø, opplæring og andre tema vert systematisk belyst.

3 Vurdering av eitt utviklingstiltak skulen har jobba særskilt med**3.1 Gi ein kort omtale av tiltaket**

Yrkesretting fellesfag – programfag: Me har over år jobba for å få opplæringa til å henga godt saman. Dette året har me hatt dette som eige utviklingstiltak Elevus. viser at elevane våre syns det dei lærer på skulen er viktig, dei meiner at det meste dei lærer vil dei få nytte av seinare – uansett kva jobb dei får. Dei seier at fellesfagundervisning i stor grad er tilpassa

utdanningsprogrammet, at fellesfaga brukar døme frå yrkesfag, at oppgåver er retta mot yrkesfag og yrkesliv. Vidare fortel dei at yrkesfaglærarane skaper relevans mellom opplæringa, og vidare arbeidsliv, inkl fellesfag og grunnleggjande dugleikar i yrkesfaga. Me ser det som gode resultat i høve til målet vårt. For å få breiare kompetanse og få meir djupnekompetanse har me hatt mange lærarar i hospiteringspraksis i næringslivet.

3.2 Kvifor har skulen valt ut dette tiltaket?

Forskning viser at ei heilskapleg opplæring, der elevane opplever at det dei lærer er både relevant og har samanheng fremjar læring. Dette understøttar vår oppleving og det elevane fortel. Nytt i hospiteringsordninga er at det opnar for at fellesfaglærarar kan ut å hospitera, det var lurt.

3.3 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har søkt saman med lærarane og hjelpt i organiseringa av å få hospiteringa gjennomført på ein god måte. Me har organisert fag og timefordeling slik at fellesfaglærarar har undervisninga si på eitt eller få program (stort sett), og det er tatt omsyn til kva annan kompetanse dei har (td. erfaring frå bygg og mekanisk).

3.4 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet? Kva legg leiinga til grunn for vurdering av tiltaket?

Praksis er dreia endå betre mot at yrkesfag støttar opp under fellesfaga og motsett.

3.5 Planlegg skulen å jobbe vidare med tiltaket?

Dette tiltaket vil vidareførast, med meir og betre yrkesretting og meir hospitering.

4 Prosess knytt til tilstandsvurdering

4.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Leiinga har jamnleg hatt fokus på ulike delar av arbeidet vårt med utviklingsplan, resultat og prosess gjennom året. Slik har me involvert elevar, lærarar og ikkje-pedagogisk tilsette i ulik grad og til ulike tider. Nokre fokus er mest aktuelle på bestemte tider i året (t.d. å etablere god relasjon til elevane og gje elevane relasjon til faget hadde mest fokus rundt skulestart), andre har eit meir kontinuerleg preg (som oppfølging av motivasjon og oppmøte).

Klasselærarådsmøter har vore gjennomført ein gong i månaden og her deltar alle lærarane som er involvert i klassen. Her vurderer ein elevane heilskapleg, samt læringsmiljøet og gruppa. Vidare har ein ulike fokus gjennom året, både tema i skuleutviklingsplan og årshjul for vurdering vert tatt opp. Støttetiltak vert gjerne drøfta, avtalt og vurdert her. Kontaktlærar, faglærar, internt eller eksternt støtteapparat kan ha ansvar for gjennomføring av støttetiltak inn mot klassen. Vidare er alltid fråvær, karakter 1 og IV sjekkpunkt.

Elevrådsstyret møter jamnleg elevinspektør og rektor og har viktige bidrag inn i vurderingsarbeidet.

Avdelingane har eigne møter og vurderer der viktige tema som seier noko om tilstanden vår.

4.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

For å motivera til medverknad og involvering arbeider me med tilstandsvurdering som ein

kontinuerleg prosess med systematisk jobbing med det som er mest høveleg til ulike tider. Elevar og lærarar er interesserte i å bidra til tilstandsvurdering når målet er å betra opplæringa med gjev og auka fullføring og læringsutbytte. Leiinga driv nok mykje av kartleggingsarbeidet, der dei tilsette deltar jamleg på deler utan at me held fram heilskapen i tilstandsvurderinga. Involvering i tolking og vurdering av resultat, samt eigarforhold til vidare arbeid med tiltak aukar forpliktinga frå både tilsette og elevar.

4.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Kvar torsdag har elevane våre kort dag og etter lunsj har alle pedagogisk tilsette arbeidsplanfesta tid. Ein torsdag kvar månad er øyremerkt utviklingsarbeid. I timeplanlegging prøver me å skape gode vilkår for undervisning, planlegging og samarbeid. Dette skal òg stimulera til ein god vurderings-, delings- og læringskultur, ved at naturlege samarbeidspartar har gode rammer. Neste skuleår vil me omorganisera fag- og timeplassering på timeplan. Skulen nyttar medarbeidersamtalen som verktøy for å fremja systematisk utvikling av lærarane. Vidare arbeider me i tråd med skuleutviklingsplanen og skal utvikla oss saman med kollegaer, kontinuerlege små steg i rett retning.

4.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Elevispektør arbeider tett med elevråd, med elevrådsleiar i spissen, gjennom året. Rektor har hatt lunsjmøter med elevrådsstyret der viktige saker og innspel vert drøfta og elevane vert involvert i utvikling av utviklingsplan, arbeid med tiltak og vurdering av verksemda. Elevrådet er bindeledd mellom klassane og rektor.

4.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Me har mykje godt arbeid med utvikling på dei andre områda i utviklingsplanen vår, men det å ha det systematisk nok og halda kvarandre orientert om kva alle gjer og kva erfaringar som vert gjort er nok største utfordringa. Sidan det meste av tida der alle er ledige om torsdagane har vore nytta til ulike utviklingsprosjekt, har det vore litt lite tid til organisert refleksjon og deling av erfaringar. For å få varige endringar trengst meir tid til systematisk arbeid, noko me trur vil verta lettare neste skuleår.

5 Nytt styringsdokument 2016-2018 – prosessen vidare

5.1 Kva vil skulen legge vekt på i planlegging av arbeidet med å forankre nytt styringsdokument i organisasjonen?

Me skal frå 01.01.17 bli ei eining med to avdelingar med Øystese gymnas. Me har starta prosessen med å jobba med nytt styringsdokument. Me har klargjort eigen forståing av signala i dokumentet og snakka ein del om kva endringane inneber. Vidare har begge skulane snakka mykje om kva me vil ta med oss inn i samarbeidet av gode arbeidsmetodar og for å auka læringsutbyttet og fullføringa til elevane. Denne prosessen er samanfalande med implementering av nytt styringsdokument. I samanslåingsprosessen vil det å laga ny og felles utviklingsplan bli viktig.